

# 2020

KVARTALSRAPPORT 31.12.2020



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE  
NO 937 899 785  
TELEFON 70 07 00 00

**SpareBank** 1  
SØRE SUNNMØRE



Utsikt från Kolåstinden, foto: Robert Bratteberg

# INNHALD

HOVUDTAL .....	04
RAPPORT FRÅ STYRET .....	06
RESULTAT .....	11
BALANSE .....	12
ENDRING I EIGENKAPITAL .....	13
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING .....	14
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP .....	15
2. SEGMENTINFORMASJON .....	16
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR .....	17
4. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR .....	18
5. KAPITALDEKNING .....	23
6. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL AMORTISERT KOST ...	25
7. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI .....	26
8. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN .....	27
9. INNSKOT FRÅ KUNDAR .....	28
10. LIKVIDITETSRISIKO .....	28
11. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR .....	29
12. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR .....	29
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR .....	30

# HOVUDTAL

## RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2020	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018
Renteinntekter	56.221	55.970	64.442	81.560	82.059	80.516	70.432	65.466	62.717
Rentekostnader	17.801	18.276	30.359	40.431	39.678	37.990	34.365	29.725	27.098
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>38.421</b>	<b>37.694</b>	<b>34.083</b>	<b>41.129</b>	<b>42.381</b>	<b>42.526</b>	<b>36.067</b>	<b>35.740</b>	<b>35.620</b>
Provisjonsinntekter	23.709	22.038	17.482	18.745	19.067	19.392	17.060	16.546	17.272
Provisjonskostnader	1.446	1.873	1.211	1.392	1.535	1.511	1.428	1.318	1.292
Andre driftsinntekter	1.120	1.131	1.488	1.470	2.262	1.455	2.646	1.055	1.088
<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>	<b>23.384</b>	<b>21.296</b>	<b>17.759</b>	<b>18.823</b>	<b>19.794</b>	<b>19.335</b>	<b>18.278</b>	<b>16.284</b>	<b>17.067</b>
Utbytte	2.335	329	9.111	119	4.927	68	5.050	220	500
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	6.654	8.866	8.468	17.851	-504	3.195	14.496	38.841	8.518
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	5.032	3.123	1.374	1.482	4.041	1.544	-4.314	36.483	1.392
<b>Netto avk. på finansielle investeringar</b>	<b>14.021</b>	<b>12.318</b>	<b>18.953</b>	<b>19.451</b>	<b>8.465</b>	<b>4.807</b>	<b>15.233</b>	<b>75.544</b>	<b>10.410</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>75.825</b>	<b>71.308</b>	<b>70.796</b>	<b>79.402</b>	<b>70.640</b>	<b>66.669</b>	<b>69.578</b>	<b>127.568</b>	<b>63.097</b>
Personalkostnader	16.606	15.730	14.768	17.425	19.819	16.840	15.373	16.924	16.975
Administrasjonskostnader	9.685	9.006	8.530	10.600	9.625	9.482	9.929	8.315	9.584
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.797	2.093	2.142	2.168	2.580	1.830	1.807	1.793	1.739
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-	117	-	106	-	-	-	-	-
Andre driftskostnader	6.931	3.455	4.544	6.054	7.022	4.232	4.819	4.776	5.784
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>35.019</b>	<b>30.167</b>	<b>29.984</b>	<b>36.140</b>	<b>39.046</b>	<b>32.384</b>	<b>31.927</b>	<b>31.808</b>	<b>34.081</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>40.805</b>	<b>41.141</b>	<b>40.812</b>	<b>43.262</b>	<b>31.594</b>	<b>34.285</b>	<b>37.651</b>	<b>95.761</b>	<b>29.016</b>
Nedskrivning aksjar	-	-	-	-	-	-	-	-	350
Tap på utlån, garantiar	48	9.598	1.472	5.573	7.836	6.118	7.081	1.367	853
<b>Resultat før skatt</b>	<b>40.758</b>	<b>31.543</b>	<b>39.339</b>	<b>37.689</b>	<b>23.758</b>	<b>28.167</b>	<b>30.570</b>	<b>94.394</b>	<b>27.813</b>
Skattekostnad	10.810	5.100	7.200	3.300	1.095	5.800	3.300	14.000	5.092
<b>Resultat for perioden</b>	<b>29.948</b>	<b>26.443</b>	<b>32.139</b>	<b>34.389</b>	<b>24.854</b>	<b>22.367</b>	<b>27.270</b>	<b>80.394</b>	<b>22.722</b>

## HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2020	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018
<b>Lønsemid</b>									
Eigenkapitalavkastning etter skatt <sup>1)</sup>	8,8 %	7,4 %	9,93 %	10,81 %	7,10 %	6,63 %	8,76 %	27,51 %	7,10 %
Kostnadsprosenten <sup>2)</sup>	46,2 %	42,3 %	42,4 %	45,5 %	55,3 %	48,6 %	45,9 %	24,9 %	54,0 %
<b>Balansetal (tal i heile millionar kroner)</b>									
Brutto utlån til kundar	9.160	9.103	8.916	8.663	8.843	8.944	8.794	8.384	8.114
Brutto utlån til kundar inkl. overført til KF <sup>3)</sup>	12.530	12.152	11.755	11.615	11.581	11.393	11.235	10.822	10.550
Innskot frå kundar	7.215	7.087	7.319	7.098	6.962	7.034	7.137	6.722	6.454
Innskotsdekning	78,8 %	77,9 %	82,1 %	81,9 %	78,7 %	78,6 %	81,2 %	80,2 %	79,5 %
Innskotsdekning inkl. overført til KF <sup>3)</sup>	57,6 %	58,3 %	62,3 %	61,1 %	60,1 %	61,7 %	63,5 %	62,1 %	61,2 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	3,59 %	1,78 %	1,39 %	3,33 %	8,98 %	13,36 %	14,22 %	12,69 %	10,47 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. overført til KF <sup>3)</sup>	8,20 %	8,16 %	4,63 %	7,33 %	9,78 %	10,53 %	11,03 %	9,32 %	7,97 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	3,63 %	0,75 %	2,55 %	5,59 %	7,87 %	9,97 %	13,74 %	12,97 %	10,55 %
Forvaltningskapital	10.805	10.594	10.812	10.583	10.215	10.180	10.282	9.794	9.271
Forvaltningskapital inkl. overført til KF <sup>3)</sup>	14.192	13.642	13.732	13.535	12.954	12.629	12.724	12.232	11.706
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	10.755	10.689	10.667	10.286	10.187	10.057	9.713	9.527	9.247
<b>Tap og misleghald</b>									
Tapsprosent utlån <sup>4)</sup>	0,42 %	0,42 %	0,07 %	0,26 %	0,35 %	0,27 %	0,33 %	0,07 %	0,04 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,48 %	0,47 %	0,47 %	0,48 %	0,53 %	0,48 %	0,61 %	0,65 %	0,66 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,09 %	0,14 %	0,18 %	0,00 %	0,00 %	0,08 %	0,08 %	0,16 %	0,08 %
Tapsprosent utlån inkl. overført til KF <sup>3) 4)</sup>	0,00 %	0,31 %	0,05 %	0,19 %	0,27 %	0,21 %	0,26 %	0,05 %	0,03 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF <sup>3) 4)</sup>	0,35 %	0,35 %	0,36 %	0,36 %	0,40 %	0,38 %	0,47 %	0,50 %	0,51 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF <sup>3) 4)</sup>	0,06 %	0,10 %	0,14 %	0,00 %	0,00 %	0,06 %	0,06 %	0,12 %	0,06 %
<b>Soliditet (tal i heile millionar kroner)</b>									
<b>forholdsmessig</b>									
Rein kjernekapitaldekning	18,4 %	17,6 %	17,8 %	18,1 %	18,5 %	16,8 %	16,1 %	15,6 %	16,3 %
Kjernekapitalsprosent	19,3 %	19,3 %	19,6 %	19,2 %	19,6 %	17,8 %	17,1 %	16,6 %	17,3 %
Kapitaldekning	21,9 %	22,0 %	22,2 %	21,8 %	22,3 %	21,1 %	19,7 %	19,2 %	20,1 %
Rein kjernekapital	1.202	1.119	1.130	1.152	1.184	1.105	1.049	1.003	1.032
Kjernekapital	1.263	1.230	1.246	1.223	1.250	1.171	1.114	1.067	1.100
Ansvarleg kapital	1.436	1.398	1.414	1.392	1.419	1.385	1.281	1.234	1.274
Risikovekta balanse	6.549	6.365	6.361	6.371	6.381	6.567	6.504	6.441	6.351
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,6 %	8,6 %	8,5 %	8,5 %	8,7 %	8,3 %	7,9 %	7,9 %	8,5 %
Likviditetsdekning (LCR) <sup>5)</sup>	205 %	112 %	202 %	175 %	212 %	166 %	192 %	177 %	146 %
<b>Bemanning</b>									
Tal på årsverk	64,5	64,5	64,5	64,5	65,5	66,5	66,5	65,5	62,5
<b>Eigenkapitalbevis <sup>6)</sup> (tal i heile tusen kroner)</b>									
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	1,71	1,88	4,1	1,91	2,01	2,14	7,37	4,60	2,63
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	130.031	120.531	120.531	128.531	128.531	112.500	112.500	112.500	118.449
Eigenkapitalbevisbrøk i %	10,54 %	10,55 %	10,53 %	11,1 %	11,0 %	11,0 %	10,96 %	10,92 %	11,42 %

## FORHALDSTAL I % AV GFK

(Tal i heile tusen kroner)	4. kvartal 2020	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019	4. kvartal 2018
Rentenetto i prosent av GFK <sup>7)</sup>	1,42 %	1,40 %	1,29 %	1,60 %	1,65 %	1,68 %	1,51 %	1,52 %	1,48 %
Resultat etter skatt GFK	1,11 %	0,98 %	1,21 %	1,34 %	0,97 %	0,88 %	1,14 %	3,38 %	0,97 %

- Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.
- Sum driftskostnader i % av sum inntekter.
- Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare Bank 1 Næringskreditt.
- Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

- Likvide aktiva dividert på netto likviditetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.
- Tal er for morbank.
- Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

# RAPPORT FRÅ STYRET

## Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 31.12.20 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet, Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda, Samarbeidende Sparebanker AS på 7,82 prosent konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapen etter IFRS. Alle tal i årsmeldinga er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarende periode i fjor.

Konsernet har 65 tilsette ved utgangen av 4. kvartal – til saman utgjer dette 64,5 årsverk.

## Resultat i fjerde kvartal

Perioda 01.10.2020 – 31.12.2020

SpareBank 1 Søre Sunnmøre leverte eit resultat før skatt i kvartalet på 40,8 mill. kr mot 23,8 mill. kr i same periode i fjor.

Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak utgjer 47,6 mill.kr og er redusert med 1,2 prosent frå same periode i 2019. Ettersom Norges Bank har satt styringsrenta til 0 har den låge renta ført med seg betydeleg redusert innskotsmargin. Ei stigande pengemarknadsrente i fjerde kvartal 2020 har betra innskotsmarginen, medan utlånsmarginen har vorte redusert. Hard konkurranse i marknaden om bustadslånkundane legg ytterlegare press på utlånsmarginen.

Netto provisjonsinntekter ekskl. provisjonar frå Boligkreditt og Næringskreditt aukar 11,6 prosent i kvartalet til 13 mill.kr. Dette tilsvarar ein auke på 1,4 mill.kr frå same periode i 2019. Det er særleg vekst i inntekter innan forsikring, plassering og betalingsformidling som bidreg til auken.

Netto avkastning på finansielle investeringar aukar 5,6 mill.kr samanlikna med same periode i 2019. Betringa kjem hovudsakleg som følge av SpareBank 1 Gruppen sitt eigarskap i Fremtind og Odin Forvaltning som leverar sterkare resultat.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 1,42 prosent mot 1,65 prosent i same kvartal i fjor.

Dei totale driftskostnadane er redusert med 4 mill.kr til 35 mill. kr tilsvarende ein nedgong på 10,3 prosent mot

same periode i 2019. Mesteparten av reduksjonen er relatert til personal- og administrasjonskostnadar som er 16,2 prosent lågare enn same periode i 2019. Banken har eitt færre årsverk samanlikna med same periode i 2019. Kostnadsprosenten i perioda er på 46,2 prosent.

I samband med at banken endra til å måle utlån til privatpersonar over verkeleg verdi blei det gjort ei reversering i kvartalet. Det visast til note 2 for meir informasjon om dette. Det blei i kvartalet gjort ei tilbakeføring av tidlegare konstatert tap på 1 mill.kr. Dette medfører at resultatført tap er på tilnærma 0 mill.kr mot 7,8 mill. kr i same periode i 2019.

Avkastninga på eigenkapitalen etter skatt i 4. kvartal 2020 er 8,8 prosent mot 7,8 prosent i tilsvarende periode i fjor.

## Resultat per 31.12.2020


Perioda 01.01.2020 – 31.12.2020

SpareBank 1 Søre Sunnmøre hadde eit konsernresultat etter skatt i perioda på 122,9 mill. kr mot 154,9 mill. kr i same periode i 2019. Resultatet for same periode i 2019 var prega av store eingongseffektar knytt til finanspostar.

Resultatet hittil i år syner ei betring i den underliggende drifta med auka inntekter frå utlån og provisjonar.


Avkastninga på eigenkapitalen i 2020 vart 9,3 prosent mot 12,7 prosent i tilsvarende periode i fjor.

Resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent



## Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter


Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak og netto prov.inntekter i mill. kr



Nettorenteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak aukar med 1 prosent tilsvarande 1,9 mill. kr. og utgjer totalt 179,8 mill. kr. Auka utlånsvolum og ei låg penge-marknadsrente dei to siste kvartalane har bidrege til å betre utlånsmarginen.

Totale provisjonsinntekter ekskl. provisjon frå kredittføretaka er på 47,6 mill.kr. Veksten i andre provisjonsinntekter er på 5,5 prosent tilsvarande 2,5 mill.kr samanlikna med same periode i 2019. Banken leverar vekst i provisjonsinntekter på dei fleste områder inkl. forsikring, sparing og plassering og betalingsformidling. Covid-19 har hatt negativ effekt hovudsakleg på mindre bruk av bankkort som har medført lågare provisjon samanlikna med 2019.


### Prosentvis andel av totale inntekter



Netto avkastning på finansielle eignelutar er på 64,7 mill. kr mot 104,1 mill. kr i tilsvarande periode i 2019. Nedgangen frå same periode i fjor skuldast ekstraordinære gevinstar i 1. kvartal 2019. Inntekter frå utbytte i investeringar med direkte eigarskap er 11,9 mill. kr, som er 1,6 mill. kr høgare enn same periode i 2019.

## Driftskostnader

Driftskostnader i mill.kr



Totale driftskostnader i konsernet utgjer 131,3 mill. kr. Dei totale driftskostnadene er redusert med 2,9 prosent, tilsvarande 3,9 mill.kr, samanlikna med same periode i fjor. Hovudsakleg er nedgangen knytt til personal-kostnader som er redusert med 4,4 mill. kr til 64,5 mill. kr i perioda. Dette tilsvarar ein nedgang på 6,4 prosent samanlikna med same periode i 2019. Banken har eitt mindre årsverk samanlikna med same periode i 2019.

Prosjekt innan antikvitvask og anna regulatorisk verksemd, medførte ein auke i administrasjonskostnader og andre driftskostnader som er 0,5 mill. kr høgare enn same periode i 2019.

Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjer 44,2 prosent per 31.12.2020 mot 40,4 prosent for tilsvarande periode i fjor.

### Tap og misleghald

Resultatrekneskapen er belasta med 16,7 mill. kr i tap mot 22,4 mill. kr i tilsvarande periode i 2019. Dette utgjer 0,18 prosent av brutto utlån ved utgangen av 4. kvartal 2020.

Brutto misleghaldne engasjement er på 43,7 mill. kr eller 0,48 prosent av brutto utlån. Dette er ein nedgang samanlikna med same periode i 2019 der misleghaldne engasjement var på 46,6 mill. kr eller 0,53 prosent av brutto utlån prosent av brutto utlån

Per 31.12.2020 utgjer totale tapsavsetningar på balansen 55,8 mill. kr før tilbakeføring av verkeleg verdi over resultatet. Dette tilsvarar 0,61 prosent av brutto utlån og garantiar. I perioden blei det konstatert tap på 18,1 mill. kr, som i hovudsak var relatert til eit engasjement innan oljeservice.

## Balanse (tal i parentes frå same periode i 2019)

### Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen utgjer 10.804,8 mill. kr og er auka med 606,4 mill. kr sidan 31.12.2019. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 5,9 prosent.

Forvaltningskapital inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 14.191,9 mill. kr og har auka med 1.237,8 mill.kr sidan 31.12.2019. Dette svarar til ein 12 mnd vekst på 12,1 prosent.

### Utlån


12 – månaders veksten i brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 8,2 prosent og svarar til totale utlån på 12.530,4 mill. kr (11.581,3 mill. kr).

Ved kvartalsskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.228,3 mill. kr (2.576,7 mill. kr) og 158,8 mill. kr (162,0 mill kr).

Som følge av auka overføringar til Boligkreditt er 12 – månaders veksten i brutto utlån på eigen balanse 3,4 prosent. Dette svarar til ein auke i utlån på 300,7 mill. kr (728,7 mill. kr).


Totale utlån til privatmarknaden, inkludert SpareBank 1 Boligkreditt, har auka med 767,8 mill.kr til 10.507,2 mill. kr. Dette gir ein 12 mnd vekst på 7,9 prosent. Totale brutto utlån til bedriftsmarknaden, inkludert SpareBank 1 Næringskreditt, er på 2.023,2 mill.kr. Dette er ein auke på 181,9 mill. kr, og svarar til ein 12 mnd vekst på 9,8 prosent.

*Brutto utlån til kunder i mill. kr og 12 mnd % - vekst inkl. kredittføretak*



Fordelinga av totale engasjement syner at det er god bransjespreiing i bedriftsmarknadsportefølja.

## Bransjespreiing av total eksponering i bedriftsmarknadsportefølja




Andelen oljerelaterte engasjement utgjer 14,6 prosent av samla volum av utlån og garantiar innan bedriftsmarknaden. Dette er ein reduksjon på 2,5 prosentpoeng samanlikna med same periode i fjor. I prosentdel av totale utlån og garantiar i banken inkludert kredittføretak utgjer oljerelatert engasjement 2,5 prosent.

### Innskot

Innskot har auka med 252,4 mill. kr siste 12 månader til 7.214,6 mill. kr ved utgangen av kvartalet. Dette svarar til ein vekst på 3,6 prosent.

*Innskot frå kundar i mill. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak*



Innskot frå personkundar er auka med 422,4 mill. kr til 4.592,6 mill. kr, og dette svarar til ein vekst på 10,1 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er redusert med 169,9 mill. kr til 2.622,0 mill. kr siste 12 månader, noko som svarar til ein reduksjon på 6,1 prosent.



### Likviditet

Det er god tilgong på funding i marknaden og banken gjer tilbakekjøp og nye utferdingar av obligasjonar for å oppretthalde ein god balanse i forfallsstrukturen på ekstern funding.

Samla ekstern finansiering utgjer 1.821 mill. kr. Forfallsstrukturen med attståande løpetid er fordelt med 400 mill. kr under 1 år, 785 mill. kr mellom 1 og 3 år, og 625 mill. kr løpetid med over 3 år.

Innskotsdekninga er 78,8 prosent (78,7 prosent) ved utgangen av kvartalet.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 205 prosent ved utgangen av kvartalet.

### Utbyttepolitikk og resultatdisponering

Årsresultatet for morbanken i 2020 er på 90,3 mill. kr. For 2020 foreslår styret eit utbytte på 5,00 kr per eigenkapitalbevis, totalt 5 mill.kr. Det svarar til 52,5 prosent av eigenkapitalbevisegarane sin andel av overskotet i morbank.

Det er foreslått å sette av 10 mill. kr til gåvefondet.

### Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 31.12.2020 er rein kjernekapital i morbanken på 18,0 prosent.

Som følge av at banken har eigarandelar i samarbeidande gruppar utfører banken forhaldsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forhaldsmessig konsolidert er 18,4 prosent og 3,3 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inkludert intern buffer. Kjernekapital utgjer 19,3 prosent og kapitaldekninga 21,7 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjer 8,5 prosent.

Motsyklisk buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent den 13. mars 2020. Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

### Samarbeidende Sparebanker AS

Den 18. mars 2020 inngjekk Helgeland Sparebank ein intensjonsavtale om å verte ein del av ein SpareBank 1 bank og transaksjonen vert gjennomført den 15. mars 2021. Helgeland Sparebank kjøper 3 prosent i SamSpar-

selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Transaksjonen er verdsett til 150 mill. kr, og SpareBank 1 Søre Sunnmøre sel seg ned i størrelsesorden 0,3 prosent av aksjane sine i Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA til ein samla verdi av 14,3 mill. kr. SpareBank 1 Søre Sunnmøre vil etter dette ha ein eigarandel på 7,53 prosent i Samarbeidende Sparebanker AS og 5,31 prosent i Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA. Dette gir ein indirekte eigarandel på 1,47 prosent i SpareBank 1 Gruppen AS, og 1 prosent i SpareBank 1 Utvikling DA. Gevinsten frå transaksjonen er berekna til 11,3 mill. kr.

### Utsiktene framover

Den positive utviklinga i økonomien fortsatte gjennom andre halvår 2020, men i eit lågare tempo enn i mai og juni. Ei tiltakande oppblomstring av smitte gjennom hausten og på nyåret bidreg på ny til strengare smitteverntiltak og verkar negativt på den økonomiske veksten. Vaksinerer er i satt i gang i Noreg og internasjonalt. Dette er ein tidkrevjande prosess, men som saman med reduserte smitteverntiltak vil forventast å ha positiv effekt på gjeninnhentinga gjennom 2021. Norges Bank vil fortsatt drive ekspansiv pengepolitikk gjennom 2021 og dei låge rentene vil bidra ytterlegare til å stimulere aktiviteten i økonomien.

Den stigande smittetrenden ved inngongen til 2021 og dei strenge smitteverntiltaka som blei innført i starten av januar vil særleg ramme tenester innan kultur, restaurant, overnatting og transport. Særdeles strenge smitteverntiltak i områder som er kategorisert som raude rammer tenesteytande næringer spesielt hardt.

Det har vore lite smittespreiing i marknadsområdet til banken, og dette har medført ei positiv utvikling med gradvis gjenåpning. Stabilt låg smittespreiing og auke i innanlandsk etterspørsel har medført at andelen heilt arbeidsledige i Møre og Romsdal er redusert frå 9,3 prosent i slutten av mars til 2,9 prosent i desember. Tal frå NAV syner også at andel heilt ledige er høgare i den ytre regionen med Ulstein, Hareid og Herøy på om lag 4-6 prosent samanlikna med den indre regionen med Volda og Ørsta på i underkant av 3 prosent.

Det er god bransjespreiing i marknadsområdet til banken. Ei fortsatt svak krone er gunstig for eksportindustrien. Samstundes verkar svak vekst ute hos handelspartnerar negativt inn på eksporten. Vidareføring av restriksjonar vil legge ein dempar på etterspørselen frå private og bedrifter etter tenester frå hotell og restauranter framover mot sommaren.

Innan oljeservice vil lågare investeringar fram mot 2022 dempe etterspørselveksten. Den forventa nedgangen er samstundes mindre enn tidlegare estimert. Høgare oljepris, og positive effektar frå endringar i petroleumsbeskatninga verkar positivt inn på investeringsviljen. For leverandørar til maritim industri vil marknaden fortsatt vere krevjande med press på lønsemda og låg ordreinnngong.

Delar av næringslivet på Søre Sunnmøre har vore gjennom fleire omstillingar tidlegare. Samstundes er det slik at utlån til næringer som er direkte ramma av smitteverntiltak utgjer ein liten del av banken si utlånsportefølje. Styret har ikkje sett noko vesentleg endring i misleghald og tapssituasjonen i fjerde kvartal med bakgrunn i Covid-19, og har ikkje identifisert behov for tapsavsetning på enkeltengasjement.

Bustadprisane i regionen syner ein vekst på 2,2 prosent siste 12 mnd og 0,5 prosent siste kvartal. Prisveksten er lågare enn i dei største byane. Lågare arbeidsløyse og lågare prisvekst på bustadar tyder på stabilitet i den regionale økonomien.

Større aktivitet i bustadmarknaden har ført til høgare kredittvekst til hushaldningane enn forventa i 2020. Det er venta at etterspurnaden etter kreditt vil avta i 2021 og framover til 2023. Lågare forventa kredittetterspurnad, overkapitalisering hos større bankar i samband med tilbakehaldne utbytte og auka transparens via t.d. marknadsplattformer er faktorar som gjer at det er venta

at konkurransen både på utlåns- og innskotsrenter vil tilspisse seg ytterlegare framover.

Ut frå eit makroperspektiv vil forventa låg realrente bidra positivt på auka konsumvekst, medan fortsatt relativt høg arbeidsløyse og låg lønsvekst vil verke motsett. I sum er det venta at forholda ligg til rette for vidare vekst i inntekter framover.

Styret er av den oppfatning av at banken i utgangspunktet har moderat tapsrisiko knytt til utlån. Myndighetene har vist evne til å iversette effektive tiltak for å motverke smittespreiing, og gjennomføre tiltak for å redusere dei negative konsekvensane for økonomien. Norges Bank sine tiltak har bidrege positivt til likviditeten i marknaden for senior bankobligasjonar.

Starten av 2021 vil vere krevjande med omsyn til usikkerheit knytt til ny smittespreiing av Covid-19. Innteninga i 2021 vil verte påverka negativt gjennom reduserte rentemargar. Lågare kredittetterspurnad kan skjerpe konkurransesituasjonen ytterlegare. Norges Bank har signalisert at dei held styringsrenta på 0 prosent på mellomlang sikt. Dette vil fortsette å presse ned utlånsrentene og redusere innskotsmarginen.

Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre også gjennom denne krevjande tida.

Volda, 11. februar 2021  
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide  
Styreleiar



Ole Reinhart Notø  
Nestleiar




Mona Ryste  
Styremedlem



Kjersti Kleven  
Styremedlem



Arild Hatløy  
Styremedlem




Bente Fylken  
Styremedlem



Runar Gretland  
Tilsettere representant



Møyfrid Lillenes  
Tilsettere representant



Stig Brautaset  
Administrerende direktør

# RESULTAT

MORBANK				KONSERN					
4. kvartal 2019	31.12.2020	4. kvartal 2020	31.12.2020	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.12.2020	4. kvartal 2020	31.12.2019	4. kvartal 2019
77.959	282.657	51.480	240.341	Renteinntekter målt til amortisert kost	1	238.440	51.109	280.337	77.320
4.738	18.136	5.112	19.754	Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	19.754	5.112	18.136	4.738
39.640	141.865	17.825	106.959	Rentekostnader		106.867	17.801	141.758	39.678
<b>43.058</b>	<b>158.928</b>	<b>38.767</b>	<b>153.135</b>	<b>Netto renteinntekter</b>		<b>151.326</b>	<b>38.421</b>	<b>156.715</b>	<b>42.381</b>
19.067	72.065	23.709	81.973	Provisjonsinntekter		81.973	23.709	72.065	19.067
1.535	5.792	1.446	5.921	Provisjonskostnader		5.921	1.446	5.792	1.535
385	2.046	154	672	Andre driftsinntekter		5.210	1.120	7.418	2.262
<b>17.917</b>	<b>68.319</b>	<b>22.417</b>	<b>76.724</b>	<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>		<b>81.262</b>	<b>23.384</b>	<b>73.691</b>	<b>19.794</b>
4.927	62.154	2.335	27.170	Utbytte		11.893	2.335	10.266	4.927
-	-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		41.839	6.654	56.029	-504
4.041	37.754	5.032	11.011	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		11.011	5.032	37.754	4.041
<b>8.968</b>	<b>99.908</b>	<b>7.367</b>	<b>38.181</b>	<b>Netto avkasting på finansielle investeringar</b>		<b>64.743</b>	<b>14.021</b>	<b>104.050</b>	<b>8.465</b>
<b>69.943</b>	<b>327.155</b>	<b>68.551</b>	<b>268.041</b>	<b>Sum inntekter</b>		<b>297.331</b>	<b>75.825</b>	<b>334.455</b>	<b>70.640</b>
19.762	68.712	16.570	64.245	Personalkostnader		64.529	16.606	68.955	19.819
9.625	37.351	9.685	37.821	Administrasjonskostnader		37.821	9.685	37.351	9.625
1.680	6.648	1.470	6.508	Avskrivningar av varige driftsmidlar		8.200	1.797	8.009	2.580
-	-	-	223	Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		223	-	-	-
6.175	17.562	6.407	18.987	Andre driftskostnader		20.984	6.931	20.849	7.022
<b>37.242</b>	<b>130.273</b>	<b>34.133</b>	<b>127.338</b>	<b>Sum driftskostnader</b>		<b>131.310</b>	<b>35.019</b>	<b>135.165</b>	<b>39.046</b>
<b>32.701</b>	<b>196.882</b>	<b>34.418</b>	<b>140.703</b>	<b>Resultat før tap</b>		<b>166.020</b>	<b>40.805</b>	<b>199.290</b>	<b>31.594</b>
7.788	7.788	7.332	7.332	Nedskrivning aksjar		-	-	-	-
7.836	22.401	48	16.692	Tap på utlån, garantiar	4	16.692	48	22.401	7.836
<b>17.077</b>	<b>166.693</b>	<b>27.039</b>	<b>116.679</b>	<b>Resultat før skatt</b>		<b>149.329</b>	<b>40.758</b>	<b>176.889</b>	<b>23.758</b>
-1.095	22.005	10.810	26.410	Skattekostnad		26.410	10.810	22.005	-1.095
<b>18.172</b>	<b>144.688</b>	<b>16.228</b>	<b>90.269</b>	<b>Resultat for perioden</b>		<b>122.919</b>	<b>29.948</b>	<b>154.884</b>	<b>24.854</b>
18.172	144.688	16.228	90.269	<b>Utvida resultatrekneskap</b> Resultat for perioden		122.919	29.948	154.884	24.854
-450	-450	107	-198	<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i> Netto estimat- og skatteavvik pensjonar		-198	107	-450	-450
-	-	-	-	<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i> Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		1.170	361	-	-
-	-	6.150	6.150	Endring verkeleg verdi, utlån		6.150	6.150	-	-
-	-	-1.538	-1.538	Skatteeffekt		-1.538	-1.538	-	-
<b>-450</b>	<b>-450</b>	<b>4.720</b>	<b>4.415</b>	<b>Utvida resultat i perioden</b>		<b>5.585</b>	<b>5.081</b>	<b>-450</b>	<b>-450</b>
<b>17.722</b>	<b>144.238</b>	<b>20.949</b>	<b>94.684</b>	<b>Totalresultat for perioden</b>		<b>128.504</b>	<b>35.028</b>	<b>154.434</b>	<b>24.403</b>

# BALANSE

MORBANK				KONSERN	
31.12.2019	31.12.2020	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.12.2020	31.12.2019
		<b>Eignelutar</b>			
42.735	38.032	Kontantar og fordringar på sentralbanken		38.032	42.735
410.392	471.147	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	471.147	410.392
8.851.174	9.172.693	Netto utlån til kundar	3	9.111.464	8.788.144
1.566	1.566	Overtokne eigedomar		1.566	1.566
174.713	345.880	Sertifikat og obligasjonar med fast avkasting	6,7	345.880	174.713
483.523	511.851	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6,7	511.851	483.523
77.982	93.234	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	177.110	134.632
7.332	-	Investering i konsernselskap	6	-	-
2.066	(1.460)	Utsett skattefordel		3.904	7.731
57.240	55.361	Varige driftsmidlar		107.880	125.544
21.860	24.399	Andre eignelutar		28.132	22.121
6.929	7.845	Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		7.845	7.341
<b>10.137.514</b>	<b>10.720.549</b>	<b>Sum eignelutar</b>		<b>10.804.811</b>	<b>10.198.442</b>
		<b>Gjeld</b>			
1.275	179.402	Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	179.402	1.275
6.964.134	7.215.802	Innskot frå og gjeld til kundar	6,9	7.214.605	6.962.173
1.740.035	1.821.449	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1.821.449	1.740.035
53.686	53.958	Anna gjeld	4	49.731	54.260
6.471	6.731	Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		7.097	6.471
10.878	8.506	Avsetning til forpliktingar		8.506	10.878
151.038	150.601	Ansvarleg lånekapital	6,8	150.601	151.038
<b>8.927.518</b>	<b>9.436.449</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>9.431.390</b>	<b>8.926.131</b>
		<b>Eigenkapital</b>			
100.000	100.000	Eigardelskapital	11	100.000	100.000
193	193	Overkursfond		193	193
28.338	29.838	Utjæmningsfond		29.838	28.338
1.005.959	1.076.728	Sparebankfondet	5	1.076.728	1.005.959
24.024	25.144	Gåvefond		25.144	24.024
1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482
-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		83.876	56.650
-	714	Annan eigenkapital		6.159	5.665
50.000	50.000	Hybridkapital	6	50.000	50.000
<b>1.209.996</b>	<b>1.284.100</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	5	<b>1.373.420</b>	<b>1.272.311</b>
<b>10.137.514</b>	<b>10.720.549</b>	<b>Forvaltingskapital</b>		<b>10.804.811</b>	<b>10.198.442</b>
<b>12.876.206</b>	<b>14.107.676</b>	<b>Forvaltingskapital inkl. Boligkreditt/Næringskreditt</b>		<b>14.191.938</b>	<b>12.954.129</b>
222.969	159.802	Garantiansvar		159.802	222.969
-	220.709	Deponert i Noregs Bank		220.709	-

# ENDRING I EIGENKAPITAL

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital og hybrid- kapital	Kompensa- sjonsfond	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2018</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>895.613</b>	<b>18.307</b>	<b>21.896</b>	-	<b>50.000</b>	<b>1.482</b>	<b>1.087.491</b>
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-450
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-12.872
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-2.861
Årsresultat	-	-	113.656	16.032	15.000	-	-	-	144.688
<b>Eigenkapital per 31.12.2019</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.005.959</b>	<b>28.338</b>	<b>24.024</b>	-	<b>50.000</b>	<b>1.482</b>	<b>1.209.996</b>
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-3.701	-	-3.701
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	50.000	-	50.000
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-50.000	-	-50.000
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-8.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-	-	-	-	-305	-	-305
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.880	-	-	-	-8.880
Disponert Årsresultat	-	-	70.769	9.500	10.000	-	-	-	90.269
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	4.720	-	4.720
<b>Eigenkapital per 31.12.2020</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>29.838</b>	<b>25.144</b>	-	<b>50.714</b>	<b>1.482</b>	<b>1.284.100</b>

## KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital og hybrid- kapital	Kompensa- sjonsfond	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2018</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>895.614</b>	<b>18.307</b>	<b>21.896</b>	<b>75.937</b>	<b>66.605</b>	<b>1.482</b>	<b>1.180.033</b>
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-6.000	-	-	-	-	-6.000
Estimatavvik mot EK	-	-	-450	-	-	-	-	-	-450
Endring direkte mot EK	-	-	-	-	-	-	-16.995	-	-16.995
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-12.872	-	-	-	-12.872
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-23.014	-	-	-23.014
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-51.888	51.888	-	-
Renter fondsobligasjon mot EK	-	-	-2.861	-	-	-	-	-	-2.861
Disponert Årsresultat	-	-	113.656	16.032	15.000	55.614	-45.834	-	154.468
<b>Eigenkapital per 31.12.2019</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.005.959</b>	<b>28.338</b>	<b>24.024</b>	<b>56.650</b>	<b>55.665</b>	<b>1.482</b>	<b>1.272.311</b>
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-3.701	-	-3.701
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	50.000	-	50.000
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-50.000	-	-50.000
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-8.000
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-15.277	15.277	-	-
Andre endringar	-	-	-	-	-	665	-146	-	519
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.880	-	-	-	-8.880
Disponert Årsresultat	-	-	70.769	9.500	10.000	41.839	-16.521	-	115.587
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	5.585	-	5.585
<b>Eigenkapital per 31.12.2020</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>29.838</b>	<b>25.144</b>	<b>83.876</b>	<b>56.159</b>	<b>1.482</b>	<b>1.373.420</b>

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK			KONSERN	
31.12.2019	31.12.2020	(Tal i heile tusen kroner)	31.12.2020	31.12.2019
166.693	116.679	Årsresultat før skatt	149.329	176.889
14.436	13.840	+ av- og nedskrivningar	8.200	8.009
22.401	16.644	+ Tap på utlån/garantiar	16.692	22.401
-22.005	-26.410	- Betalbar skatt	-26.410	-22.005
<b>181.526</b>	<b>120.753</b>	<b>Tilført frå årets verksemd</b>	<b>147.810</b>	<b>185.295</b>
28.035	-2.845	Reduksjon/(auke) andre fordringar	-5.905	29.930
-35.960	240	Auke/(reduksjon) anna kortsiktig gjeld	-3.060	-35.995
-5.335	-2.080	Auke/(reduksjon) i andre forpliktingar	-1.746	-5.335
<b>-13.260</b>	<b>-4.685</b>	<b>Likviditetsendring i resultatrekneskapan</b>	<b>-10.711</b>	<b>-11.399</b>
-730.498	-338.163	Reduksjon/(auke) utlån	-340.012	-730.498
-190.939	-60.756	Reduksjon/(auke) utlån kredittinstitusjonar/sentralbank	-60.756	-190.939
507.097	251.668	Auke/(reduksjon) innskot kundar	252.433	507.788
-1.361	178.127	Auke/(reduksjon) innskot kredittinstitusjonar	178.127	-1.361
15.698	-171.167	Reduksjon/(auke) sertifikat og obligasjonar	-171.167	15.698
<b>-231.737</b>	<b>-24.222</b>	<b>A) Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet</b>	<b>-4.276</b>	<b>-225.416</b>
-30.600	-11.961	Brutto investeringar bygningar/driftsmidlar	9.464	-36.669
-	-	Avgang bygningar/driftsmidlar	-	-857
-997	-587	Reduksjon/(auke) kap. tilkn. selskap/dotterselskap	-42.477	22.622
-77.081	-28.328	Reduksjon/(auke) aksjar og eigarinteresser	-28.328	-77.081
<b>-108.678</b>	<b>-40.877</b>	<b>B) Netto likviditetsendring investeringar</b>	<b>-61.341</b>	<b>-91.985</b>
612	-438	Auke ansvarleg lånekapital	-438	612
-21.732	-20.581	Endringar direkte mot eigenkapital	-20.062	-44.746
-	-	Endring opptak av fondsobligasjon	-	-
368.429	81.414	Auke/(reduksjon) annan langsiktig gjeld	81.414	368.429
<b>347.309</b>	<b>60.395</b>	<b>C) Netto likviditetsendringar finansiering</b>	<b>60.914</b>	<b>324.295</b>
<b>6.894</b>	<b>-4.703</b>	<b>A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året</b>	<b>-4.703</b>	<b>6.894</b>
35.842	42.735	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	42.735	35.842
42.735	38.032	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	38.032	42.735
<b>6.894</b>	<b>-4.703</b>	<b>Endring</b>	<b>-4.703</b>	<b>6.894</b>

# NOTAR

## Note 1 Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapan for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.10.2020 - 31.12.2020, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa konsernet har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapan, framgår av årsrekneskapan for 2019. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp sidan årsrekneskapan for 2019.

### Revurdering/ending målemetode IFRS9/IFRS13

Ved implementering av IFRS 9 klassifiserte og målte banken bustadlån som ikkje skal overførast til boligkreditt til amortisert kost i samsvar med IFRS9.4.1.2. Frå og med 4. kvartal 2020 blir utlån til og fordringar på kundar med flytande rente med pant i bustadeigedom målt og klassifisert til verkeleg verdi med verdiending over andre inntekter og kostnader (OCI). Det er vurdert at forretningsmodellen sitt føremål er vurdert til å vere for å motta kontraktmessige kontantstraumar og sal av lån (overføring av bustadlån til SB1 Boligkreditt AS).

Som verkeleg verdi på slike bustadlån meinast:

1. Lån i tapskategori 1 - lånet sin nominelle verdi (ulik amortisert kost)
2. Lån i tapskategori 2, og 3J - lånets nominelle verdi redusert med forventa tap (=amortisert kost)
3. Lån i tapskategori 3K - lånet sin nominelle verdi redusert med individuelle tapsavsetningar (=amortisert kost)

Effekten av denne revurderinga (ikkje prinsippending) utgjer per 31.12.2020 6,1 mill.kr før skatt og er justert i si heilheit til verkeleg verdi over OCI i rekneskapan for 4. kvartal 2020.

Revurderinga får effekt for presentasjonen av Note, 4, 6 og 7 i delårsrekneskapan.

Kvartalsrekneskapan er ikkje revidert.

## Note 2

### Segmentinformasjon

Leiinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofilen og er delt opp i privatmarknad inkludert sjølvstendig næringsdrivande og bedriftsmarknad. Banken sine egne

